



Sunnhordland Tingrett vert administrert frå Sorenskrivargarden på Leirvik.

Etter innstilling frå Valstyret valde kommunestyret på det siste møte meddommarar i ulike rettsinstansar. Valperioden er i tida 2021 - 2024. Nokre av ei valde har vore meddommar før og har lang erfaring. Mange er nye. Meddommarane skal representera breidda i den norske befolkninga, i høve til alder, yrke, sosial bakgrunn og kompetanse. Alle må vera i aldersgruppa 21 til 70 år. Etter valet er Uskedal godt representert i tre rettsutval.

Sunnhordland Tingrett

Sakene går stort sett i Sorenskrivargarden på Leirvik. I nokre høve er forhandlingane lagt til ein anna plass i Sunnhordland. I Kvinnherad kan det vera på Husnes eller i Rosendal. Det er til vanleg ein fagdommar og to meddommarar med. Ein skil mellom straffesaker og sivile saker. Kvar straffesak går som oftast over ein til to dagar, men ein må rekna med ein dag til då dommen skal underskrivast. I snitt må ein rekna med å bli innkalla to gonger i året. Kristian Bringedal har vore meddommar i minst fire periodar og held fram med det, sjølv om han fyller 70 til neste år.

- Kjell Yri
- Kristian Bringedal
- Nils Ragnar Myklebust

Gulating Lagmannsrett

Juryordninga er avskaffa.. Ein ulempe med den var at ved innkalling og frammøte, kunne ein rekna med å bli skoten ut. Av 14 innkalla leddommarar kunne fire bli skoten ut. Det vart gjort etter at retten var sett. Då var det berre å gjera vendersis, sjølv om ein hadde fått permisjon frå jobben. No fungerer Lagsmannsretten om lag som Tingretten. Det er 2 fagdommarar og ein medlemsrett på 5 meddommarar. Kjell Yri frå Uskedalen har vore jurymedlem og meddommar i Gulating Lagmannsrett i 12 år. No er han vald inn som leddommar i Tingretten. Tingseta er til vanleg på Tinghuset i Bergen.

- Brit Hjetland
- Esben Zimmer
- Marte Kristoffersen Øyjord

Sunnhordland Jordskifterett

Her er det ein jordskiftedommar og to meddommarar i kvar sak. Jordskifteretten har som oftast med fagkunnig person på oppmåling og som avklarar andre tekniske og innfløkte tema. Ved jordskifte er det vanleg med reise og synfaringar i skog og mark.

- Møyfrid Kristoffersen

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Sunnhordland Tingrett
Kjelde: Advokat Haldor Tveit.